



Solveig Johanna Helle
Haukeberget 14
5119 ULSET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/8053 - 20/19436

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
15.04.2020

Registrert dårleg lokk på septiktank - gbnr 431/9

Tiltak: Utbetring septiktank
Byggjestad: Gbnr: 431/9
Tiltakshavar: Solveig Johanna Helle

Alver kommune har den 07.04.2020 motteke melding frå NORVA24 AS om at det ved siste tømning av septiktanken same dag på eigedommen din, med adresse Radøyvegen 2326, 5936 Manger, vart registrert at lokket på tanken ikkje var i tilfredsstillande stand.

Lokket er eit øydelagt trelokk med store hol, slik at ein kan sjå rett ned i tanken. Usikra lokk over tanken er ein fare for menneske og dyr, som kan falle ned i kummen og verte sjuke. Også ved tømning i 2016 vart det rapportert om at lokket på tanken på eigedommen var dårleg. Sjøføren frå Norva24 AS har midlertidig sikra tanken med ei plate over den, men tilstanden er helsefarleg og må utbetrast omgåande.

I følgje plan- og bygningslova (pbl) § 28-6 første ledd skal basseng og brønn på eigedommen til ein kvar tid vere sikra slik at personar ikkje fell ned i dei. Kravet her gjeld for alle opne behaldarar for væske. Det er grunneigar som er ansvarleg for at anlegget er forsvarleg sikra, eventuelt leigar eller festar dersom det eksisterer eit leigeforhold som skal gjelde for meir enn to år, jf. pbl. § 28-6 andre ledd.

Lokket må utbetrast snarast. Frist for arbeidet vert sett til 29.04.2020.

Retting må skje ved at septiktanken vert sikra og at forsvarleg lokk vert montert. Lokk på kum må vere tett og utført i solide materiale, samt vere utstyrt med forsvarleg lås eller

anna stengsel, slik at det ikkje lett kan løftast av eller skuvast til side. For å få utbetre eit avløpsanlegg må du kontakte eit godkjent rørleggarforetak. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan du sjølv utføre arbeidet.

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan påleggje deg å utbetre forholdet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i pbl. §§ 32-3 og 32-2.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det finst andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetre tilhøvet, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

Når lokket er reparert må du fylle ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen.

Skjema sender du til

- post@alver.kommune.no eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å sikre basseng og brønn følgjer av plan- og bygningslova § 28-6.
- Kommunen kan gje pålegg om retting og fastsetje tvangsmulkt med heimel i plan- og bygningslova kapittel 32.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Med helsing

Astrid Riise
rådgjevar
Miljø og tilsyn

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Tilbakemelding om utført arbeid - Alver kommune

Mottakarar:

Solveig Johanna Helle

Haukeberget 14 5119

ULSET